



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713

Månedsbrev for oktober 2010.

Årgang 46



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Vigdis Riise  
Visepres: Magnar Hatløy  
Sekretær: Odd Arne Holstad  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Oddvar Haugen  
Styremedlem: Anders Riise  
Styremedlem: Jarle Kristiansen  
Ansv.red.: Håvard Myrene  
Referent: Aage Nytun

Fødselsdagar i oktober:

Sigbjørn Haddal 3. oktober  
Wenche Holstad Jøssok 6. oktober

Frammøteprosent i okt: 66,1 %

---

---

## RIMFROST OG MILD HIMMEL

Himmelen kom  
Kanskje som dagen tilfeldig  
Med blekt blått lys  
Og milde rolige åndedrag.

Rimfrosten kom  
Kan hende for himmelens skyld.  
Buskene står og puster hvitt  
Med frosne duggperler i sitt hår.

Himmel og rimfrost møtes  
Som når to elskede  
plutselig møtes på veiene  
og sølvbjeller klinger.

Ingen vet lenger hvem som kom først.

*Astrid Hjertenæs Andersen*

---

## **Måndag 4.oktober 2010.**

President Vigdis ønskte velkommen til Røykeriet i Brandal der det denne kvelden skulle vere krabbefest. På grunn av dårleg ver og landlege var det ikkje muleg å få tak i fersk krabbe, men festkomiteen med Elias i spissen hadde hivd seg rundt og fått tak i store flotte reker som smakte fortrefteleg. Så det vart eit herleg måltid i eit fint, maritimt miljø for dei 25 som hadde møtt opp denne kvelden.

## **Måndag 11. oktober 2010.**

Presidenten opna møtet med minneord over Trygve Riise som døydde 8. oktober. Trygve kom med i Hareid Rotary Klubb i 1974, var president i 1985/86, og har vore sekretær i fleire perioder. Trygve var ein god rotaryanar som bidrog både gjennom arbeid i dei ulike komiteane og som mykje brukt foredragsholdar på møta våre. Presidenten lyste fred over Trygve sitt minne med eitt minutt stillheit.

Vigdis orienterte om vandrainga langs Rotary-stien som skal vere søndag den 17. oktober i samband med Hareids-stemna.

**Inga Hareide** var kveldens foredragshaldar og tema var Svartedauden.

Ho fortalde at det var ein bakterie-epidemi som kom til Europa i 1347 og i løpet av få år var 25 mill. døde eller 1/3 av folketalet i Europa. Til Noreg kom pesten via sjøvegen til Bergen i 1349, og han ramma endå hardare her enn i Europa. Over halvparten av landes befolkning strauk med og mellom 55 og 65 % av alle gardsbruk vart lagde aude.

Enkelte område vart svært hardt ramma, men andre område gjekk nesten klar, og til Troms og Finnmark kom epidemien ikkje. Hareid og Ulstein vart også ramma, men i mindre grad enn andre område. Sjukdomen førde til langvarig naud og nedgangstider over heile Europa. Epidemien kom frå India, nådde Svartehavskysten på 1340 talet, kom så til Mesina som første by i Europa i 1347, London i 1348 og Bergen i 1349.

Det einaste som kunne hjelpe mot epidemien var total isolasjon, dei som gjorde det, overlevde stort sett. Det vart også leita etter kven som kunne vere skuldige for ein så stor tragedie, og jødane vart ei periode utpeika og drepte i stort omfang, men utan at epidemien stoppa av den grunn. Folk trudde også at det var Guds vilje og funderte på korleis ein skulle kunne tilfredstille Gud for å få slutt på epidemien, og sjølv om det kom stadig nye teoriar, så var det ingen ting som hjelpte.

Epidemien kom tilbake i fleire bølger, siste utbrotet i Christiania var i 1653 og siste i Europa var i 1722. Legestanden var overbevist om at smitten var gjennom lufta, men først i 1898 fann ein årsaka til Svartedauden. Pesten var eigentleg ein dyresjukdom som særleg angrip gnagarar og vert vidareført av lopper, og når vertedyret (rottene) døyr tek loppene til takke med menneske og dermed overfører smitten til dei og opptreir då som ein byllepest. Ved dryppinfeksjon (hosting og nysing) sprer så sjukdomen seg mellom menneske og ytrar seg då som ein lungepest.

Eit svært innhaldsrikt og interessant foredrag av Inga.

## **Måndag 18.oktober 2010.**

Denne dagen var det bedriftsbesøk på Island Offshore i Ulsteinvik.

President Vigdis opna møtet og takka for at vi fekk kome. Viseadm. direktør Jan Rise fekk så ordet og ønskte velkomen. Han gav ei kort innleiande orientering om selskapet som har 39 tilsette ved kontoret i Ulsteinvik, og som har ansvaret for økonomi, personal og teknisk. I tillegg er det også ei stor avdeling i Stavanger med ansvar for bl.a. det driftsmessige på ein del av båtane. Totalt er dei ca. 700 tilsette og har 19 båtar når dei som er under bygging er ferdige.

Etter ei kort omvisning i lokala samlast vi i kantina der vi fekk kaffi og gode wienerbrød.

Økonomisjef Tommy Valaunet viste ein bildepresentasjon og orienterte om utviklinga av selskapet frå starten og fram til i dag. Starten var i 1999, men Island Offshore vart etablert som eige selskap i 2004 og samarbeider tett med det amerikanske rederiet Edison Chouest Offshore, som er ein stor og viktig samarbeidspartnar, og også ein av dei største innan bransjen.

Strategien til selskapet er bl.a. å ha den beste sertifiseringa av flåten, i tillegg er sikkerheit og kvalitet svært høgt prioritert. Selskapet har vakse raskt, og ei stor utfordring har vore å få kvalifiserte medarbeidarar i ein stram arbeidsmarknad. Men dei har så langt lukkast godt med det. Dei har også eit eige kurs- og opplæringscenter med plass til 24 personar for sine tilsette.

Marknadsverdien på flåten er på ca 7 milliardar, og strategien er fortsatt vekst. Kontraktsdekninga for 2010 er på 80 %, for 2011 er den på 69%. Fire skip er p.t. under bygging og skal leverast i 2011.

Brønnintervensjon er eit viktig område for selskapet og krev dyre og avanserte skip, men som også gir mykje att til oljeselskapa då reservane i reservoara (brønnane) kan aukast frå 45 til 55 % utnyttelse.

### **Måndag 25.oktober 2010.**

President Vigdis ønskte velkomen til siste møte i oktober som var programfritt, men med kaffi og vafler. Til opning song vi "Det lysnet i skogen".

Presidenten takka så dei som hadde vore med å gjere kulturvandringa langs Rotarystien til eit vellukka arrangement. Ho opplyste også om at restaureringa av kvernhuset ved Rotarystien går etter planen, og murane har kome opp. Vi har også fått to store sponsorar som bidreg med kr. 25.000,- kvar til restaureringsarbeidet, det er Hareid Group og Jets Invest. Stor takk til dei.

Så var det kaffi og vafler med livlege diskusjonar rundt borda.